

# Prop. 92 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland og samanslåing av tilskot i belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 4. april 2025,*

*godkjend i statsråd same dagen.*

*(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om å forlenge innkrevjingsperioden for Bypakke Nord-Jæren i kommunane Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg med vel fem år. Vidare blir det opna for å kunne innføre differensierte takstar i bypakken etter eigne lokalpolitiske vedtak på eit seinare tidspunkt, og det blir opplyst om at den fylkeskommunale garantien blir sett ned på grunn av lågare lånbehov. Departementet orienterer òg om samanslåing av tilskot i belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda.

store og små prosjekt og tiltak på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg vegnett. Innkrevjinga starta opp 1. oktober 2018 og skulle vare i 15 år, til 2033. Bypakke Nord-Jæren er ein del av byvekstavtalen for Nord-Jæren som samla blir omtalt som Bymiljøpakken. Det overordna målet for Bymiljøpakken er å stanse veksten i persontransport med bil (nullvekstmålet).

Byvekstavtalen blei forhandla fram i 2019 og inngått mellom staten, Rogaland fylkeskommune og kommunane Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg i 2020. Parallelt med den lokale handaminga av byvekstavtalen blei det lokalpolitisk semje om justeringar i bompengeropplegget innanfor dei vedtekne rammene for Bypakke Nord-Jæren i Prop. 47 S (2016–2017). Hovudtrekka er omtalt i Prop. 1 S (2020–2021) for Samferdselsdepartementet. Justeringane innebar mellom anna å avvikle rushtidsavgifta (tidsdifferensierte takstar) og innføre betaling for nullutsleppskøyretøy. Gjennom lokale vedtak blei gjennomsnittstaksten redusert til 12 kr i 2020-prisnivå. Vidare blei innkrevjingsretninga i to bomsnitt snudd og ein bomstasjon flytta. I tillegg blei nokre prosjekt tekne ut av porteføljen. Det blei òg gitt ei politisk føring om at bompengeselskapet kunne ta opp lån

### 2 Forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland

#### 2.1 Bakgrunn

Stortinget vedtok i 2017 Bypakke Nord-Jæren, jf. Prop. 47 S (2016–2017) *Finansiering av Bypakke Nord-Jæren i Randaberg, Sandnes, Sola og Stavanger kommunar i Rogaland* og Innst. 214 S (2016–2017). Bypakke Nord-Jæren omfattar ei rekke

Forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland og samanslåing av tilskot i belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda

på inntil 1,5 mrd. kr, som er eit lågare beløp enn det som blei lagt til grunn i Prop. 47 S (2016–2017). Det justerte bompengeopplegget er innarbeidd i byekstavtalen for Nord-Jæren.

## 2.2 Lokalpolitisk handsaming av forlengd innkrevjing til 2038

Rogaland fylkeskommune og kommunane Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg vedtok i desember 2024 å forlenge innkrevjingsperioden til Bypakke Nord-Jæren med vel fem år, til ut 2038. Kommunane og fylkeskommunen har innhaldsmessig fatta like vedtak. I vedtaka er pakken delvis omtalt som Bymiljøpakken. Utvidinga av innkrevjingsperioden legg til rette for at fleire prosjekt og tiltak i prosjektporteføljen kan bli gjennomført og for at ein kan oppnå balanse mellom inntekter og utgifter.

I pakkens prosjektportefølje inngår mellom anna riksvegprosjekta E39 Smiene–Harestad og E39 Figgjo–Ålgård, som begge er lagt i Statens vegvesens planportefølje etter Stortingets handsaming av Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036*, jf. Innst. 439 (2023–2024). Det er lagt opp til at begge prosjekta delvis skal finansierast med bompengar frå Bypakke Nord-Jæren.

Som ein del av porteføljestyringa er det i fleire rundar gjort kostnadskutt og potensialet for ytterlegare kostnadskutt er vurdert. Det er likevel kostnadsauke i fleire prosjekt i porteføljen til bypakken, og det er lokal semje om å utvide innkrevjinga for å kunne realisere fleire prosjekt.

Kommunane Sandnes, Sola og Randaberg handsama saken i møte i kommunestyra høvesvis 12. desember, 12. desember og 16. desember 2024 og fatta dette likelydande vedtaket:

1. *Bompengeinnkrevingen i Bymiljøpakken revideres i tråd med saksutredningen fra Rogaland fylkeskommune. Bymiljøpakkens innkrevingsperiode gis varighet ut 2038.*
2. *Det innføres miljødifferensierte takster i Bymiljøpakken. Eventuelle fremtidige takstendringer gjennomføres etter egne lokalpolitiske vedtak. Alle takst- og rabattordninger forutsettes å følge de til enhver tid gjeldende takstretningslinjer.*
3. *Foruten innføringen av miljødifferensierte takster videreføres Bymiljøpakkens etablerte takst-, rabatt, innkrevings- og styringssystem.*
4. *Bymiljøpakkens maksimale låneramme settes til 3,5 milliarder kroner.*

Stavanger kommune handsama saka i møte i bystyret 16. desember 2024 og fatta dette vedtaket:

1. *Bompengeinnkrevingen i Bymiljøpakken revideres. Bymiljøpakkens innkrevingsperiode gis varighet ut 2038.*
2. *Det innføres miljødifferensierte takster i Bymiljøpakken. Eventuelle fremtidige takstendringer gjennomføres etter egne lokalpolitiske vedtak. Alle takst- og rabattordninger forutsettes å følge de til enhver tid gjeldende takstretningslinjer.*
3. *Foruten innføringen av miljødifferensierte takster videreføres Bymiljøpakkens etablerte takst-, rabatt, innkrevings- og styringssystem.*
4. *Bymiljøpakkens maksimale låneramme settes til 3,5 milliarder kroner*

Rogaland fylkeskommune handsama saka i møte i fylkestinget 10. desember 2024 og fatta dette vedtaket:

1. *Bompengeinnkrevingen i Bymiljøpakken revideres i tråd med saksutredningen fra Rogaland fylkeskommune. Bymiljøpakkens innkrevingsperiode gis varighet ut 2038.*
2. *Det innføres miljødifferensierte takster i Bymiljøpakken. Eventuelle fremtidige takstendringer gjennomføres etter egne lokalpolitiske vedtak. Alle takst- og rabattordninger forutsettes å følge de til enhver tid gjeldende takstretningslinjer.*
3. *Foruten innføringen av miljødifferensierte takster videreføres Bymiljøpakkens etablerte takst-, rabatt, innkrevings- og styringssystem.*
4. *Bymiljøpakkens maksimale låneramme settes til 3,5 milliarder kroner.*
5. *Rogaland fylkeskommune garanterer ved selvskyldnerkausjon for et maksimalt låneoppbak for Ferde AS, begrenset oppad til 3.500 mill. kr for lån til delfinansiering av Bypakke Nord-Jæren.*
6. *Garantibeløpet gjelder med tillegg av 10 pst. av til enhver tid gjeldende hovedstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostninger. Det samlede garantibeløpet blir følgelig 3.850 mill. kr.*
7. *Garantien omfatter også inngåtte sikringsavtaler tilknyttet prosjektets lånefinansiering.*
8. *Rogaland fylkeskommune har rett til å sikre garantiene med 1. prioritets pant i Ferde AS' rett til å innkreve bompenger i Bypakke Nord-Jæren, med tillegg av 10 pst. av til*

- enhver tid gjeldende hovedstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostninger.*
9. *Garantien erstatter tidligere gitt garanti gjennom St.Prop. 47 S (2016–2017) og gis varighet gjennom innkrevingsperioden, ut 2038.*
  10. *I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiforskriftens § 3.*
  11. *Rogaland fylkeskommune sitt garantiansvar reduseres i takt med den faktiske nedbetaling av Ferde AS sin gjeld for Bypakke Nord-Jæren.*
  12. *For å sikre bompengeinnkrevingen fra mulig kryssfinansiering, frasier Rogaland fylkeskommune seg muligheten for regresskrav som går utover Ferde AS sin innkrevingsrett for Bypakke Nord-Jæren i tilfeller der garantien kommer til anvendelighet.*
  13. *Garantiene gis under forutsetning av Kommunal- og distriktsdepartementets godkjenning etter kommuneloven § 14-19 første ledd.*

### **2.3 Bompengeopplegg**

Det blir lagt opp til å vidareføre det gjeldande takst-, rabatt- og innkrevjingssystemet i dei 38 bomstasjonane i Bypakke Nord-Jæren. Gjennomsnittstaksten på 12 kr i 2020-prisnivå som det var lokalpolitisk semje om i 2019, blir òg vidareført. Dette utgjer 14,72 kr i 2025-prisnivå. Fastsett gjennomsnittstakst som Stortinget slutta seg til gjennom handsaminga av Prop. 47 S (2016–2017), jf. Innst. 214 S (2016–2017) på 20 kr i 2020-prisnivå blir vidareført som den maksimale ramma for bompengenivået i pakken. Dette utgjer 26,56 kr i 2025-prisnivå.

Det er rekna at ei forlenging av innkrevjingsperioden med fem år vil auke brutto bompengeinntekter til pakken med om lag 5,6 mrd. kr. Av dette vil om lag 4,9 mrd. kr dekkje investeringskostnader og om lag 700 mill. kr finansierings- og innkrevingskostnader, kostnader til drift av bompengeselskapet og kompensasjon til bompengeprosjektet Ryfast på grunn av felles timesregel med Bypakke Nord-Jæren. Det er tidlegare vedteke at tapte bompengeinntekter for rv. 13 Ryfast på grunn av felles timesregel skal tilbakeførast frå Bypakke Nord-Jæren.

I oversлага for bompengeinntekter er det lagt til grunn at det passerer 200 000 køyretøy i døgnet gjennom bomstasjonane i Bypakke Nord-Jæren kvart år i innkrevjingsperioden. Talet på køyretøy er i finansieringsanalysen sett noko lågare enn det som faktisk passerte bomstasjonane i 2024, og er om lag på nivå med talet i 2023. Det er ikkje lagt til grunn trafikkvekst i innkrevjingsperioden i tråd

med nullvekstmålet for persontransport med bil. Statens vegvesen meiner overslaga er nøkterne.

Det auka bompengebidraget som følgjer av forlengd innkrevjingsperiode skal nyttast innanfor rammene for Bypakke Nord-Jæren. Bompengeinnkrevjinga skal følgje dei til ein kvar tid gjeldande takstretningslinene.

### **2.4 Miljødifferensierte takstar**

Det er lokalpolitisk semje om å opne opp for at det kan bli innført miljødifferensierte takstar i Bypakke Nord-Jæren på eit seinare tidspunkt. I veglova § 27 andre ledd er det opna for å kunne ha eit fleksibelt takstsysteem med både tids- og miljødifferensierte takstar. Dette gjeld særskilte bompengeordningar i byområde. Ordninga med eit fleksibelt takstsysteem for bompengar i byområde, opnar for at lokale styresmakter kan differensiere takstane ut frå tida på døgnet og/eller etter miljøeigenskapane til køyretøya. Ordninga opnar òg for å differensiere innanfor kategorien nullutsleppskøyretøy.

Eventuell innføring av differensierte takstar etter veglova § 27 andre ledd må skje innanfor den vedtekne gjennomsnittstaksten og vil kunne bli gjennomført etter at det er fatta eigne lokalpolitiske vedtak om dette.

### **2.5 Styring av Bypakke Nord-Jæren**

Styringa av Bypakke Nord-Jæren er samordna med byvekstavtalet og blir ført vidare utan endringar. Porteføljestyring ligg til grunn. Det inneber at tiltaka i prosjektopteføljen skal prioriterast etter ei samla vurdering av bidrag til måloppnåing, disponible midlar, samfunnsøkonomisk lønnsemd, planstatus og kapasitet for planlegging og gjennomføring.

Framtidige inntekter og kostnader for prosjekta i porteføljen er usikre. Eventuell kostnadssauke og/eller inntektssvikt skal handterast i den løpende porteføljestyringa og ikkje gjennom auka bompengetakstar ut over gjennomsnittstaksten og/eller forlengd innkrevjingsperiode ut over 2038. Viss økonomien i pakken blir betre enn venta og/eller enkelte prosjekt blir rimelegare enn opphavlege rekna, kan fleire av tiltaka i bypakken bli gjennomført. Alternativt kan takstane og/eller innkrevjingsperioden reduserast.

### **2.6 Endra beløp for den fylkeskommunale garantien**

Gjeldande fylkeskommunal garanti i Bypakke Nord-Jæren er på 7 mrd. kr, jf. Prop. 47 S (2016–

2017). Som omtalt i kapittel 2.1 blei det i 2019 lokalpolitisk semje om justeringar i bompengesopplegget for Bypakke Nord-Jæren. Det innebar mellom anna at bompengeselskapet ikkje skulle ta opp lån på meir enn 1,5 mrd. kr, og fylkeskommunen sin garanti blei tilpassa det. Utgifter skulle følgjeleg tilpassast dei løpende bompengeinntektene. Denne endringa var berre ei politisk føring slik at den formelt gjeldande garantiramma ikkje blei endra, men var framleis på 7 mrd. kr.

Som det går fram av kapittel 2.2, har Rogaland fylkeskommune i møte i fylkestinget 10. desember 2024 fatta vedtak om ein ny og lågare fylkeskommunal garanti for Bypakke Nord-Jæren ved å stille garanti ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak avgrensa til 3,5 mrd. kr. Garantibeløpet gjeld med tillegg av 10 pst. av til ein kvar tid gjeldande hovudstol for å dekkje renter og andre kostnader. Det samla garantibeløpet er følgjeleg 3,85 mrd. kr og erstattar tidlegare gitt garanti. Den fylkeskommunale garantien må godkjennast av Kommunal- og distriktsdepartementet.

På grunn av at pakken blir porteføljestyrt kan ikkje garantisten sine utlegg dekkjast gjennom auke i bompengetakstane ut over gjennomsnittstaksten og/eller forlengd innkrevjingsperiode ut over 2038.

## 2.7 Samferdselsdepartementets vurdering

Samferdselsdepartementet viser til at Rogaland fylkeskommune og Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg kommunar har gjort vedtak om ei forlenging av innkrevjingsperioden for Bypakke Nord-Jæren med vel fem år, til ut 2038. Departementet viser vidare til at Bypakke Nord-Jæren er porteføljestyrt. Ei forlenging av innkrevjingsperioden for Bypakke Nord-Jæren på fem år er ikkje i tråd med gjeldande retningsliner for porteføljestyrte bompengepakker, sidan kostnadsaukar og/eller inntektssvikt skal handterast gjennom porteføljestyring.

Samferdselsdepartementet viser til at ei forlenging vil leggje til rette for at fleire prosjekt og tiltak i prosjektporleføljen kan bli gjennomført og for at ein kan oppnå balanse mellom forventa inntekter og utgifter. Departementet legg til grunn at partane i Bymiljøpakken driv porteføljestyring framover og føreset at omfanget av prosjekt og tiltak blir tilpassa tilgjengelege økonomiske rammer. Det inneber at prosjekt og tiltak skal skalerast ned eller ikkje kan bli gjennomført ved kostnadsaukar og/eller inntektssvikt. Det føreset sterkt kostnadskontroll. Samferdselsdepartementet legg vidare

til grunn at utvidinga av innkrevjingsperioden blir handtert innanfor gjeldande rammer av gjennomsnittstakst, maksimalt låneopptak og bompengesopplegg gitt i Bypakke Nord-Jæren. Dei auka bompengeinntektene skal nyttast innanfor rammene lagt i denne proposisjonen og tidlegare føringar gitt ved Stortingets handsaming av Prop. 47 S (2016–2017), Innst. 214 S (2016–2017) og byvekstavtalen for Nord-Jæren. På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet at innkrevjingsperioden for Bypakke Nord-Jæren blir forlengd fram til og med 2038, jf. forslag til romartalsvedtak.

Samferdselsdepartementet har merka seg at fylkeskommunen har gjort vedtak om eit lågare garantibeløp der det nye garantibeløpet harmonerer betre med lånebehovet til pakken. Samferdselsdepartementet legg til grunn at den fylkeskommunale garantien blir godkjent av Kommunal- og distriktsdepartementet.

Det er lokalpolitisk semje om å opne opp for at det kan bli innført miljødifferensierte takstar i Bypakke Nord-Jæren på eit seinare tidspunkt. Dersom Stortinget gir tilslutning til at det kan bli innført eit fleksibelt takstsysteem etter veglova § 27 andre ledd, legg Samferdselsdepartementet til grunn at eventuelle takstendringar skjer i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande takstretningslinjer for bompengeprosjekt og innanfor gjeldande rammar for gjennomsnittstakst, innkrevjingstid og bompengesopplegg i Bypakke Nord-Jæren.

Differensierte takstar er etter Samferdselsdepartementets vurdering eit viktig verkemiddel for å redusere utslepp frå vegtransport i byområda og leggje til rette for ei utvikling i tråd med null-vekstmålet, og foreslår derfor at det kan bli innført eit fleksibelt takstsysteem etter veglova § 27 andre ledd i Bypakke Nord-Jæren dersom det er lokalpolitisk semje om det, jf. forslag til romartalsvedtak.

## 2.8 Avtalar

Etter at Stortinget har fatta vedtak om forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland, vil det bli inngått tilleggsavtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med føresetnader i denne proposisjonen. Bompengeselskapet vil inngå finansieringsavtale med Rogaland fylkeskommune, som regulerer rekviring av bompengemidlane i tråd med føresetnadene som er lagt til grunn i denne proposisjonen.

### **3 Samanslåing av tilskot i belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda**

---

Belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda er eit verkemiddel for å nå nullvekstmålet for persontransport med bil. Staten inngår som hovudregel fireårige belønningsavtalar med byområda. Det statlege bidraget består i hovudsak av tilskot gjennom belønningsordninga, omtalt som belønningsmidlar. Det er stor lokal handlefridom i bruken av belønningsmidlar, men det er ein føresetnad at dei bidreg på ein effektiv måte til å nå nullvekstmålet. I tillegg mottek byområda eit eige tilskot som er øyremerket reduserte billettprisar på kollektivtrafikk, og som derfor har eit snevrare bruksområde enn belønningsmidlane. Rapporteringa for bruk av dette tilskotet inngår som ein del av rapporteringa for belønningsavtalane.

I 2025 har staten belønningsavtale med Buskerudbyen. Belønningsavtalen for Grenland gjekk ut i 2024, og det er i Prop. 1 S (2024–2025) for Samferdselsdepartementet, lagt til grunn midlar slik at det kan inngåast ny avtale frå 2025. Samla er det i statsbudsjettet for 2025 lagt til grunn 218,3 mill. kr i tilskot til desse to byområda.

I Meld. St. 14 (2023–2024) *Nasjonal transportplan 2025–2036* er det lagt til grunn at finansieringsstrukturen for byvekstavtalane skal for-

enlast. Mindre øyremarking og meir lokal fridom i bruken av dei statlege midlane kan gi ein meir treffsikker verkemiddelbruk og betre måloppnåing. Arbeidet med forenkling av tilskotsstrukturen skjer gradvis frå 2025.

Ei av forenklingane inneber at øyremerkingsav midlar til reduserte billettprisar på kollektivtrafikk vil bli fjerna i byvekstavtalane. Regjeringa legg til grunn at dette også skal gjelde nye belønningsavtalar frå og med 2025, slik at det berre vil vere ei tilskotsordning. Dette vil auke handlingsrommet lokalt for å vurdere kva for nokre verkemiddel og tiltak som er nødvendige og mest effektive for å nå nullvekstmålet i det enkelte byområdet. Samstundes vil dette ikkje vere til hinder for å fortsette å bruke midlane til lågare prisar på kollektivtrafikk, viss det bidreg til å nå nullvekstmålet på ein effektiv måte.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland og samanslåing av tilskot i belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda.

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland og samanslåing av tilskot i belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# **til vedtak om forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland og samanslåing av tilskot i belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda**

I

### *Fullmakter til bompengefinansiering*

1. Stortinget sluttar seg til forslag om forlengd innkrevjingsperiode for Bypakke Nord-Jæren i Rogaland og samtykker i at bompengeselskapet Ferde AS får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar ut 2038.
  2. Stortinget sluttar seg til at det i Bypakke Nord-Jæren kan innførast fleksible bompengeretakstar etter veglova § 27 andre ledd innanfor den fastsette gjennomsnittstaksten dersom det blir fatta lokalpolitiske vedtak om differensiering av takstane.
  3. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet Ferde AS. Avtalen gir bompengeselskapet rett til å krevje inn bompengar innanfor føresetnadene i denne proposisjonen.
-



